

Tilstandsrapport for grunnskolen 2020

Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skoleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

Lovkravet

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld. nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. av kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd. Det er fastsett i privatskolelova § 5-2 andre ledd bokstav k at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolene.

Desse har ansvar for å utarbeide den årlege tilstandsrapporten:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskott

Innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men skoleeigaren kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov. Når det blir gjerast vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva for målsetjingar hos skoleeigaren og skolane som danner grunnlag for vurderinga.

Tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje data om vaksne. Skoleeigaren skal derfor bruke andre kjelder for datainnhenting på dette området.

Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdigheitsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral.

Kvalitetsvurderingssystemet

Tilstandsrapporten inngår i kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å samanstillе informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skole eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

kvalitet, står sentralt. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvaliteten på opplæringa ved den enkelte skolen og mellom skolane og resultatata i dialogen med skoleeigaren.

Det generelle systemkravet

Skoleeigarane si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skoleeigaren har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten sitt minimum skal dekkje.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan være teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan også gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilstandsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformer, kan likevel vere på bokmål.

Innhald

1. Samandrag	4
2. Hovudområder og indikatorar	5
2.1. Elevar og undervisningspersonale	5
2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk.....	5
2.1.2. Lærartettleik.....	5
2.2. Læringsmiljø	8
2.2.1. Elevundersøkinga	8
2.2.2. Mobbing på skolen (prosent).....	10
2.3. Resultat	13
2.3.1. Nasjonale prøver 5. steget.....	13
2.3.2. Nasjonale prøver ungdomssteg	16
2.3.3. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk	22
2.3.4. Grunnskolepoeng	23
2.3.5. Skolebidrag 1.-4. trinn	24
2.3.6. Skolebidrag 5.-7. trinn	25
2.3.7. Skolebidrag 8.-10. trinn	26
2.4. Gjennomføring.....	27
3. System for oppfølging (internkontroll)	28

For å oppdatere innholdsfortegnelsen, markerer du denne setningen - så klikker du F9.

1. Samandrag

Elevane trivast og opplever lærarane og dagen sin på skulen på ein god måte. Det er det som er viktigast av alt.

Talet på elevar som vert mobba er lavt. Skulane arbeidar målretta og strukturert med elevmiljøet. Det er utvikla gode rutiner og reiskap som vert nytta når elevar opplever å ikkje har eit trygt og godt læringsmiljø. Lærarane tek virkeleg dette på alvor.

Resultata er med nokre unntak på nasjonalt nivå eller over og gir ikkje umiddelbar grunn til bekymring.

Skulane i Stranda har høg lærartettleik. Noko har si årsak i geografio og valet om å ha skular i bygdelaga, men ikkje alt. Talet på elevar som mottek spesialundervisning er svært høgt.

I rapporten i fjor vart det skrive:

«Trass i dette er der bekymring knytt til utviklinga i grunnskulane i Stranda.

Elevar som mottek spesialpedagogisk undervisning har langt fleire timar enn elevar i samanlignbare kommuner og landet.

I tillegg til dette er talet på elevar som mottek spesialundervisning prosentvis mykje høgare enn samanlignbare kommunar og landet. Kvifor er det slik? Har vi ei så spesiell elevmasse i Stranda? Har normalen blitt «for smal? Brukar vi rett kompetanse på rett plass? Gjer vi dei rette tinga? Det kan stillast mange fleire spørsmål rundt dette, og det må vi gjere i tida framover. Systematisk gjennomgang i samhandling mellom skular, PPT barnevern, skulehelseteneste og evt andre vil gi oss svar på kvifor det er slik og også kva som må til for at vi skal greie å snu utviklinga.»

Tiltak som er sett i verk:

Arbeidet med å sjå på kva som har verknad på barn og unge si læring og det tverrfaglege samarbeidet er oppstarta gjennom prosjektet ABSOLUTT. I tillegg skal ein inn i eit kartleggingsarbeid saman med Høgskulen i Volda mtp kompetanse og behov framover i forbindelse med Kompetanseløftet. [Kompetanseløftet](#) for spesialpedagogikk og inkluderende praksis. Målgruppen er ansatte i barnehage og skole, barnehage- og skoleeiere, ansatte i PP-tjenesten og andre tverrfaglige tjenester i kommunene og fylkeskommunene.

Prosjektet skal gi svar på kva kompetane vi har og kva vi må ha i framtida. Samstundes skal det kartleggast kva som er forventa ligg i det ordinære tilbodet og kan gjevast som tilpassa opplæring. Dette for å snu «trenden» frå spesialundervisning til tilpassa opplæring.

2. Hovudområder og indikatorar

2.1. Elevar og undervisningspersonale

2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skoleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskole. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskoleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning. Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomssteget. I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

Del av årstimar gitt av personale med godkjend utdanning

Indikatoren viser kor stor del av årstimane som er gjennomførte av undervisningspersonale med godkjend utdanning i dei fag og trinn dei underviser i.

Stranda kommune skoleeier | Fordelt på periode | Offentleg eigarform

Indikator og nøkkeltall	2017-18	2018-19	2019-20
Talet på elevar	494	481	466
Årsverk for undervisningspersonale	63,2	67,2	67,4
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	96,7	97,1	89,4

Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Antall elever og lærerårsverk, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

2.1.2. Lærartettleik

Lærartettleik 1.-7. steget og 8.-10. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lærartettleik i ordinær undervisning

Lærartettleik i ordinær undervisning er ein indikasjon på tal på elevar per lærar i ordinær undervisning, der ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskild språkopplæring ikkje vert medrekna. I andre samanhengar vert dette målet kalla gruppestorleik 2. Mål på lærartettleik er hefta med usikkerheit. Dette kjem av at nokre kommunar fører lærarressursar på kommunen sentralt, mens andre kommunar fører dei på skolen i GSI. Dette kan til dømes vere timar til spesialundervisning eller til særskild norskopplæring.

Skuleeigar si vurdering:

Skulane i Stranda har høg lærartettleik samanlikna med fylket og nasjonalt. Nokk kan skuldast geografi og valget om å ha skular i bygdelaga. Talet og omfanget på elevar som får spesialundervisning er altfor høgt.

Skulane sin kommentarar:

Geiranger: Lærartettleik på ca 5. Den er nokså stabil. Har redusert antal lærarstillingar siste 2 åra. Vanskeleg å gå lavare i antal stillingar enn det vi er no. Men har sjølvstøtt plass til fleire elevar utan å auke talet på stillingar.


Stranda Ungdomsskule: Lærartettleiken er høg, og det er ønskeleg at den er høg. Skulen har i mange år prioritert å ha mange vaksne i klasserommet, i alle fag, slik at elevane blir sett og får den oppfølginga dei treng. Talet på elevar med behov for spesialundervisning, heilt eigne undervisningsopplegg eller har behov for ulike typer tilpassingar har auka jamt og trutt dei siste åra. Skulen forsøker så langt det er fagleg forsvarleg å gi undervisning til desse elevane inne i klassa. Det krev at det er nok vaksne der som kan vere tilgjengelege når det er behov.

Dei to siste åra har budsjettet til skulen blitt kutta ned til eit nivå på ca. 2,5 mill mindre enn 2018 nivå. Det er eit kutt på 12,5%. Skulen har likevel helde på ideen om at mange vaksne i klasserommet kjem flest elevar til gode. Det har skulen klart, men det krev ei omprioritering av økonomi og det er fleire fag og fleire timar no som går med berre ein lærar. Det blir heller ikkje sett inn vikar om ein av lærarane er borte. Det blir då naudsynt å ta enkelte elevar ut av klasseromssituasjonen, noko som ikkje er ønskeleg.

Sunnylven skule: Lærartettleik på sju er stort sett stabil, men vert påverka av tal elevar på dei ulike stega. Gått litt opp dette året. Dette har samanheng med noko vanskelegare organisering under rehabiliteringa og litt mindre elevtilgang. Det er vanskeleg å organisere vekk fleire timar utan å ta større grep i klassedeling. Vi har no ei seks-deling i skulen med ein forsiktig delingsressurs i basisfaga norsk, engelsk og matematikk. Påfyll av tre nye elevar ved nyttår hjelper på. Har redusert noko i stillingar dei siste åra, spesielt i assistentstillingar som vi brukte til styrking i dei samanhaldne klassene.

Ringstad skule: Når ein ser lærartettleiken på skulen under eitt, så er den høg. Talet på elevar som treng spesialundervining eller særskilde tilrettelagde opplegg og tilpassingar er også høgt. Vi har t.d. fleire elevar som skal følgast opp ein til ein frå dei kjem om morgonen til dei blir henta. Dette krev mange vaksne. Når elevar må ut av klasseromssituasjonen er det ikkje høg lærartettleik på resten av klassa. Vi jobbar med å legge til rette for mindre grupper i staden for at enkeltelevar går ut av klasserommet.

Stranda kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Lærertetthet, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta

2.2. Læringsmiljø

2.2.1. Elevundersøkinga

Alle elevar og lærlingar skal inkluderes og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skoleeigarar og skoleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget og for Vg1. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- **Støtte frå lærarane:** Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane.
- **Vurdering for læring:** Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring.
- **Læringskultur:** Indeksen viser om elevane opplever at skolearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- **Meistring:** Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen.
- **Elevdemokrati og medverknad:** Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid.
- **Andel elevar som har blitt mobba (prosent):** Se eget diagram.

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntak er andel mobbet som er i prosent.

Skuleeigar si vurdering

Stranda kommune scorar stort sett over eller likt med fylket og landet samla sett. Med få elevar vert utslaga varierende både mellom skulane og frå år til år.

Skulane sin kommentar

Geiranger:

7 klasse: Vi scorer likt eller høgare enn kommunen totalt på alle punkt. Vi vurderer det som eit godt resultat utan overraskande funn.

10 klasse: Her er resultatet ikkje så bra. Vi ligg under kommunen totalt sitt resultat på fleire område og registrerer nedgang frå året før. Etter gjennomgang ser vi at motivasjon og medvirkning er viktige punkt å jobbe med. Kontaktlærarrolla blir viktig i dette arbeidet.

Stranda Ungdomsskule:

Elevundersøkinga hausten 2020 viser at elevane opplever Stranda Ungdomsskule som ein god skule. Skulen skorar høgt på *trivsel, mobbing (ingen svarar at dei blir mobba), yrkesvegleiing, variert opplæring og haldningar til felles regelverk*. På dei andre kategoriane ligg skulen som lands og fylkessnittet, kanskje med unntak av *praktisk læring og vurdering for læring*, der er det behov for å auke innsatsen.

Sunnylven skule:


7. KI: For få elevar til å få ut nokon score.

10. KI: Noko varierende resultat dette skuleåret. Vi skorar rett under snitt for kommunen og nasjonalt på både trivsel, motivasjon, meistring og elevdemokrati. Sjølv om det er små utslag, er dette ein trend som vi må arbeide med på u-steget. For dei andre kategoriane ligg vi på snittet eller til dels godt over. Det er vi nøgde med.

Ringstad skule:

Elevundersøkinga 19/20 viser at Ringstad skule ligg likt eller over landsgjennomsnittet i kategoriane læringskultur, elevdemokrati og medvirkning, felles reglar, meistring, støtte frå lærarar, motivasjon, vurdering for læring og støtte heimanfrå. Vi ligg litt under på fagleg utfordring. Med forholdsvis få elevar vil enkelt svar kunne påverke dette gjennomsnittet. Vi er godt nøgde med å ligge nært landssnittet, og veit at vi må arbeide jamt og godt innanfor alle desse kategoriane.


Stranda kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2019–2020, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Stranda kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig, 2019-2020, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

2.2.2. Mobbing på skolen (prosent)

Mobbing på skolen viser prosentdelen elevar som svarer at dei blir mobba av medelevar, mobba digitalt (på skulen) og/eller mobba av vaksne på skulen 2-3 gonger i månaden eller oftare.

Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i månaden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen elevar som har blitt mobba på skolen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.

Skuleeigar si vurdering:

Skulane i Stranda har arbeidd systematisk og godt med skulemiljø. Det vert tatt tak tidleg i saker der elevar kjenner seg mobba eller utrygge. At ingen melder om mobbing må ein vere fornøgd med og halde fram med det systematiske arbeidet.

Skulane sin kommentar:

Geiranger:

Vi har ingen elevar som melder om mobbing. Det samsvarer godt med vårt eige inntrykk av situasjonen blant elevane dette skuleåret

Stranda Ungdomsskule:

Ingen elevar meldte om at dei er mobba. Ikkje fysisk eller på nettet. Skulen har likevel fått meldingar om elevar som opplever situasjonar som kan defineres som plaging, erting eller trakassering. Ved å ta tak i slike mledingar umiddelbart klarer skulen å unngå at det utviklar seg til meir alvorlege saker.


Sunnylven skule:

Ingen av elevane i undersøkinga melder at dei har er mobba. Det er gledeleg og dette deler vår oppfatning av miljøet mellom elevane ved ungdomsskulen. Vi har opplevd dette året at vi har fått melding om mistanke om mobbing. Ved å gjennomføre eigne undersøkingar både gjennom skriftlege undersøkingar, samtaler med alle elevane og jamnleg fokus på emnet har vi ikkje kunne avdekka noko mobbing.

Ringstad skule:

Har ingen elevar som melder om mobbing skuleåret 2019/2020, men fleire som melder om dette hausten 2020. Vi har ikkje hatt mobbesaker som formelle saker, men vi har hatt fleire saker etter opplæringslova sin §9A. Denne slår fast at alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø. Skulen hadde tilsyn av Fylkesmannen på §9A hausten 2019. Dette er noko vi jobbar aktivt med og har fått gode rutiner på. Vi har også teke I bruk programmet "Spekter" som blir gjennomført på alle klasser minst ein gong pr skuleår.


Stranda kommune skoleeier | Samanlikna med eigne skolar | Offentleg eigarform



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2019–2020, Trinn 7, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Stranda kommune skoleeier | Samanlikna med eigne skolar | Offentleg eigarform



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, 2019–2020, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

2.3. Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

2.3.1. Nasjonale prøver 5. steget

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytta til daglegliv og fritid

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylen viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultatata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Skuleeigar si vurdering:

Stranda har samla sett færre elevar på meistringsnivå 1 og fleire på meistringsnivå 3 samanlikna med fylket og landet. Det må vi vere godt fornøgde med.

Skulane sin kommentar:

Geiranger:

Med så små grupper som vi har er det vanskeleg å få noko meningsfullt ut av det å samanlikne med tidlegare år. Vi ser resultatata opp mot landsgjennomsnitt og mot Stranda Kommune totalt. I tillegg vurderer vi det sjølvsagt ut i frå kva vi meiner å kunne forvente av den aktuelle gruppa.

5 klasse: Her er resultatet i underkant av det vi forventa på engelsk og matematikk. Vi ser at i overgangen mellom 4 og 5 klasse er stor på fådelt skule der 4 klassingane går i lag med 3 klasse. Vi må ta grep i forhold til korleis vi kan styrke 4 klasse for å møte krava i 5 klasse. I lesing hadde vi tilfredsstillande resultat. Vi har hatt sterkt fokus på lesing dei siste 2 åra.


Sunnylven skule.

Mindre grupper gjev usikre tal og vanskeleggjer samanlikning frå år til år. Med å samanlikne over år gjev det likevel ein peikepinn på nivået til elevane som tek til i 5. kl. Vi har hatt ei grundig eveluering av gjennomføringa, resultatata og drøfta tiltak etter prøvene dette skuleåret. For dei tre prøvene ligg vi under snittet for Stranda kommune og litt under nasjonalt nivå. Største avviket var engelsk, der vi ikkje er nøgde.

Ringstad skule:

Overgangen til 5.trinn er stor for mange av elevane, men vi er generelt nøgde med resultatet. Vi legg vekt på god opplæring i basisfaga.


Stranda kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Lesing



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Lesing, Offentlig, 2020–2021, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Stranda kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Regning



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Regning, Offentlig, 2020–2021, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Stranda kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Engelsk



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Engelsk, Offentlig, 2020–2021, Trinn 5, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

2.3.2. Nasjonale prøver ungdomssteg

Om lesing

Nasjonale prøver i lesing skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Om rekning

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Om engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylene viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultatata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Skuleeigar si vurdering:

Resultat for 8 trinn er ikkje der vi ønskjer å vere, men skulane bruker resultatata frå nasjonale prøver slik at ein kan sette inn kompenserte tiltak for å heve meistringsnivået til elevane.

Skulane sin kommentar:

Geiranger:

8 klasse: Her hadde vi svært godt resultat på 8 klasse både i engelsk, lesing og rekning, over landsgjennomsnitt og resultat for Stranda totalt.

9 klasse kom ut med omtrent same resultat som 8 klasse og hadde framgang frå i fjor. Både 8 og 9 sitt resultat var samsvarer godt med forventningane vi har til desse elevane.

Stranda Ungdomsskule:

Skulen har opplevd at resultatata på nasjonale prøver stort sett har vore som nasjonalt eller fylkeskommunalt nivå, eller ofte litt høgare. Hausten 2020 fekk vi resultat på 8. nivå, spesielt i rekning, men også i lesing og engelsk som vi vart bekymra over. Det var umiddelbart sett i gong grunnleggjande opplæring og "intensivkurs" i matematikk. I løpet av tida fram mot jul såg vi at dei fleste elevane kom på eit nivå som gjer det mogleg å nærme seg ordinære læreplanmåla tilsvarende det nivået dei skal ligge på. Men det er enda behov for å drive grunnleggjande opplæring mellom fleire av dei. På dei andre trinna er det ikkje grunnlag for

Kan inneholde data under publiseringsgrense.


bekymring.

Sunnylven skule:

8.kl: Skorar over nasjonalt snitt i engelsk og lesing, så vidt under i rekning. Bra resultat som vi er nøgde med.

9. Kl: Ligg på snittet til kommunen og nasjonalt for både lesing og rekning. Rett framgang/utvikling frå prøvene i fjor.


Stranda kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Regning



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Regning, Offentlig, 2020-2021, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Stranda kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Lesing



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, Offentlig, 2020-2021, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Stranda kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Engelsk



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Engelsk, Offentlig, 2020-2021, Trinn 8, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Stranda kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Regning



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Regning, Offentlig, 2020-2021, Trinn 9, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Stranda kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform - Lesing



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Lesing, Offentlig, 2020-2021, Trinn 9, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skoleeiers egenvurdering

2.3.3. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Stranda kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Offentleg eigarform

Indikator og nøkkeltall	Stranda kommune skoleeier	Kommunegruppe 01	Møre og Romsdal fylke	Nasjonalt
Norsk hovedmål standpunkt	4,0		4,0	4,0
Matematikk standpunkt	3,4		3,8	3,8
Engelsk skriftlig standpunkt	4,0		4,1	4,1

Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Karakterer - matematikk, norsk og engelsk, Offentlig, 2019-2020, Trinn 10, Begge kjønn


2.3.4. Grunnskolepoeng

Grunnskolepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskolepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven

Grunnskolepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Stranda kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode | Offentleg eigarform



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Skuleeigar si vurdering:


Samla sett ligg kommunen litt under landet og fylket, men høgare enn kommunegruppe 2 på grunnskulepoeng. Stranda har få elevar og resultatata vil variere frå år til år.

2.3.5. Skolebidrag 1.-4. trinn

Skolebidrag 1.-4. trinn indikerer hvor mye skolen har bidratt til elevenes læring i de grunnleggende ferdigheter/fag som testes på nasjonale prøver på 5. trinn sammenlignet med bidraget til elever med tilsvarende elevbakgrunn på landsnivå.

Skole-/kommunebidraget tilsvarer dermed forskjellen mellom det de gjennomsnittlige skalapoeng elevene faktisk oppnår på de nasjonale prøvene og det snittet de forventes å oppnå dersom skolens/kommunens bidrag er likt med landsgjennomsnittet.

Stranda kommune skoleeier | Fordelt på periode | Offentleg eigarform



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Skolebidrag 1.-4. trinn, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn


Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

2.3.6. Skolebidrag 5.-7. trinn

Skolebidrag 5.-7. trinn indikerer hvor mye skolen har bidratt til elevenes læring i de grunnleggende ferdigheter/fag som testes på nasjonale prøver på 8. trinn sammenlignet med bidraget til elever med tilsvarende elevbakgrunn på landsnivå.

Skole-/kommunebidraget tilsvarer dermed forskjellen mellom de gjennomsnittlige skalapoengene elevene faktisk oppnår på de nasjonale prøvene og det snittet de forventes å oppnå dersom skolens/kommunens bidrag var likt med landsgjennomsnittet.

Stranda kommune skoleeier | Fordelt på periode | Offentleg eigarform



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Skolebidrag 5.-7. trinn, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


2.3.7. Skolebidrag 8.-10. trinn

Skolebidrag 8.-10. trinn indikerer hvor mye skolen har bidratt til elevenes læring sammenlignet med bidraget til elever med tilsvarende elevbakgrunn på landsnivå.

Skole-/kommunebidraget tilsvarer dermed forskjellen mellom det karaktergjennomsnittet (gjennomsnittlig karakterpoeng) elevene faktisk oppnår på eksamen og det snittet de forventes å oppnå dersom skolens/kommunens bidrag er likt med landsgjennomsnittet.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

Stranda kommune skoleeier | Fordelt på periode | Offentleg eigarform



Stranda kommune skoleeier, Grunnskole, Skolebidrag 8.-10. trinn, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

2.4. Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO

3. System for oppfølging (internkontroll)

Føremål

Skuleeigar er etter opplæringsloven § 13-10 andre ledd pålagt å ha eit forsvarleg system. Dette systemet har to element. Det forsvarlege systemet skal vere eigna til å vurdere om krava i opplæringsloven med forskrift er fulgt og følgje opp resultat frå desse vurderingane og nasjonale kvalitetsvurderingar.

Omfang/Virkeområde

Opplæringsloven med forskrifter

Ansvar

Skuleeigar

Aktivitet/skildring

SKULEEIGAR SKAL

Legge grunnlag for regelverksetterfølging ved å

- lage instruksjer/prosedyrer som er i tråd med regelverket
- lage maler og sjekklister som sikrar etterleving av regelverket
- sikre/ gi kompetanse på skulane på regelverket.
- sikre at der er til ei kvar tid tilsett rett kompetanse i skulane

Alle prosedyrer og maler ligg i kommunen sitt avviks og **kvalitetssystem Compilo**. Desse skal reviderast kvart år og vil då inngå i eit system som sikrar at dei er i tråd med regelverket og at rektor har kompetanse og kjennskap til prosedyrene og lovverket.

KF-delegering er nytta som delegeringsverktøy og den enkelte sine delegasjonar kjem fram der. Rektor på kvar skule har delegert alt ansvar for økonomi, personal og fag/drift.

Ansvar for myndighetsrolle er delegert frå kommunestyret via rådmannen til kommunalsjef oppvekst.

Informasjonsflyt og kompetanseheving/spreiing

Det er utarbeida rutine for møtestruktur for kommunen frå rådmannen og heilt ut på einingsnivå for å sikre informasjonsflyt og kompetanseheving og deling i organisasjonen.

Informasjonsinnhenting om etterleving av regelverk

Informasjonsinnhentig skjer på fleire måtar

Kan inneholde data under publiseringsgrense.

- rektormøter
- enkeltsamtalar
- dokumentinnsyn (kommunalsjef er på kopi i alle vedtak mm)
- elevundersøkingar - nasjonale og lokale
- medarbeiderkartleggingar
- elevresultat
- årleg tilstandsrapport
- klager / avvik
- medieoppslag
- sjukefråvær
- tema i fellestid (skulebasert vurdering)
- årshjul

ROS analyse av skulane

Minimum annakvart år skal kommunen gjere ei ROS analyse av skulane mtp avdekking av sannsyn for brot på regelverket.

Det er lagt til grunn ulike fatorar i ROS analysen og Compilo ar nytta som system for ROS analysen.

ROS analysen heiter "*Forsvarleg system skule*".

Styringsdialog skal gjennomførast minimum annakvart år på kvar skule.

Om avvik vert avdekka

- Finne årsaken til avviket. (manglande kompetanse, mangel på rutiner osv)
- Sette opp kjenneteikn på etterfølging av regelverk og tiltak for å lukke avviket.
- Avtale korleis evaluering skal gjerast og når.
- Dokumentere prosessen skriftleg.

Kan inneholde data under publiseringsgrense.